

Møtereferat

Eksterne deltakarar:

Frå Universitetet i Bergen (UiB)

- **Per Bakke**, dekan, Det medisinske fakultet
- **Steinar Hunskår**, professor, prodekan for utdanning, Det medisinske fakultet

Interne deltakarar:

Frå Helse Førde (HFD)

- **Arve Varden**, adm. dir
- **Anne Kristin Kleiven**, utviklingsdirektør
- **Evy-Helen Helleseth**, fagdirektør
- **Børge Tvedt**, klinikkdirektør psykisk helsevern
- **Trine Hunskår**, klinikkdirektør medisin
- **Tom Guldhav**, klinikkdirektør kirurgi
- **Helge Robert Midtbø**, klinikkdirektør drift og eigedom
- **Terje Ulvedal**, kommunikasjonssjef
- **Margun Thue**, stadleg leiar Lærdal sjukehus/samhandlingssjef
- **Mona Løvø**, overlege medisinsk legeteneste FSS, arbeidsgruppe 3 Vestlandslegen
- **Marit Solheim**, forskingsleiar
- **Guro Vik Kvalsund**, seksjonsleiar kompetanse og utdanning
- **Line Hjorthaug**, utdanningskoordinator seksjon kompetanse og utdanning
- **Ellen Katrine Bøe**, rådgjevar seksjon kompetanse og utdanning, medlem arbeidsgruppe 3 Vestlandslegen

Møteleiar:

Møtedato: Onsdag 10. mars 2021

Klokkeslett: 09.00 – 11.30

Møtenr:

Møtested: Helse Førde - Hildrabygget

Arkivref: 2020/1169 - 12133/2021

Referat frå møte mellom Helse Førde (HFD) og Universitetet i Bergen (UiB) om planlegging av desentralisert studiemodell for medisinutdanninga – Vestlandslegen

Agenda:

1. Velkommen – presentasjon av møtegruppa/leiing av møtet.
2. Informasjon om Vestlandslegen v/UiB
3. Finansieringsplan for Vestlandslegen v/UiB
4. Avstemming av forventningar knytt til etablering av Vestlandslegen
5. Skisse for ressursbehov i Helse Førde–kort/lang sikt i det vidare arbeidet
6. Korleis planlegge framover i 2021 og vidare for 2022-2025?
7. Beskrivelse av utfordringsbilde – suksesskriterier
8. Felles dialog

Målet for møte var informasjon om bakgrunn for etableringa av Vestlandslegen, status for arbeidet og avklaring av gjensidige forventningar for vidare framdrift av satsinga.

Definerte emner/agenda for møtet ble brukt som ramme for møtet. I møtet hadde ein felles dialog mellom representantene fra UiB og HFD med spørsmål, innspel og kommentarar, som alle støtta opp om modellen Vestlandslegen og det var felles intensjon om å samarbeide om å realisere denne.

Rapporten «Studieplasser i medisin i Norge – Behov, modeller og muligheter» (Grimstadutvalet) som vart lagt fram i 2019, gir råd om at Noreg organiserer seg slik at vi sjølv utdannar 80% av dei legane landet har bruk for. For å nå dette måltallet må tal studieplassar i Noreg aukast med 440 studieplassar i medisin. Studiemodell Vestlandslegen var UiB sitt innspel til Grimstadutvalet sine tilrådingar til Kunnskapsdepartementet om å auke utdanningskapasiteten i dei norske medisnutdanningane. Planane for Vestlandslegen inneber ein regional desentralisert studiemodell der dei tre første åra skal gjennomførast i Bergen, deretter tre år i Stavanger, Haugesund eller Førde, slik at ressursar og kompetanse på heile Vestlandet kan byggast ut og takast i bruk i medisnutdanninga.

Det er etablert ei interdepartemental arbeidsgruppe med representantar frå kunnskapsdepartementet (KD), helse- og omsorgsdepartementet (HOD) og finansdepartementet (FD) som skal greie ut ressursbehovet for å gjennomføre den tilrådde auken i tal studieplassar i Noreg. Identifiserte ressursbehov vil legge grunnlaget for finansieringsbehovet og finansieringsplanen.

Helse Førde ser det som viktig å bidra til å auke andelen av legar utdanna i Noreg generelt og ser især gevinstar for helseføretaket i eit slikt samarbeid som Vestlandslegen representerer, ikkje minst i eit rekrutterings-perspektiv.

Etter arbeidet i og tilrådinga frå den interdepartementale arbeidsgruppa er det er forventa at Helse Vest vil få i oppdrag å utarbeide kostnadsberekningar knytt til helsetenesta sitt bidrag i auka legeutdanning, for eksempel i form av kliniske stillingar, støttefunksjonar, styrking av undervisnings- og forskingskompetanse, areal og anna infrastruktur. Gjennomføring og etablering av Vestlandslegen vil kreve ressursar både i form av kapital, kompetanse og infrastruktur. Partane er samde om gjensidig å hjelpe kvarandre med desse berekningane.

Administrerande direktør Varden vil orientere styret i Helse Førde om Vestlandslegen og samarbeidsmøtet med UiB i styremøtet 26.03.21 for ytterligare forankring av studiemodellen. Partane er samde om å gjensidig invitere kvarandre inn i strategiske samarbeidsfora med bl.a. Høgskulen på Vestlandet (HVL). UiB ved Dekan Per Bakke er invitert inn i møte i Samarbeidsforum (nivå 1) mellom Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet (HVL) 22.03.21 for å informere om Vestlandslegen. Helse Førde arbeider også med en felles utvikling av campusområdet på Vie i samarbeid med HVL, og er også invitert inn i samarbeid med HVL om campusutviklingsplan for HVL Campus Førde. Det er naturleg å invitere UiB som observatør eller samarbeidspart i dette arbeidet.

Spesielt vart det diskutert korleis ein konkret kunne utnytte kommande ledig bygningsmasse ved sjukehuset (Anga-bygget) som kan tenkast rehabilitert og brukt som felles undervisningsbygg med ei rekke funksjonar i samarbeid mellom UiB og HVL frå om lag 2027-2028. Det var semje om at sjå på ei mogeleg prosjektering av dette etter kvart.

Eit nært samarbeid mellom UiB og Helse Førde er ein vesentleg føresetnad for realisering av studiemodell Vestlandslegen med lokasjon i Førde. Det var semje om å ha vidare kontakt og starte planlegging av innføringa ilag så snart som råd.

Arve Varden

Administrerande direktør Helse Førde

Anne Kristin Kleiven

Utviklingsdirektør

Lenke til mediasak etter møtet: <https://www.uib.no/med/143426/helse-førde-støtter-opp-om-uib-ledet-studiemodell>